

Føretaksmøte 13. juni 2018

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

**Behandling av årleg melding 2017,  
godkjenning av årsrekneskap og  
årsmelding 2017 mv.**



---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Onsdag 13. juni 2018 kl. 09.30 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i R5, Akersgata 59, Oslo.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Årleg melding 2017, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15
- Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7
- Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
- Sak 6 Endring i driftskredittramma
- Sak 7 Gjennomgang av avtalar med leiande tilsette
- Sak 8 Etablering av kvalifiseringsprogram for ELTE-utdanna
- Sak 9 Sivilt-militært samarbeid i samband med NATO-øvinga
- Sak 10 Lån og tilskott til protosenter

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Helseminister Bent Høie

### **Frå styret møte**

Styreleiar Einar Strømsvåg

### **Frå administrasjonen møte**

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen  
Eigardirektør Ivar Eriksen

### **Også til stades**

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen  
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum  
Ekspedisjonssjef Espen Aasen

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møtte ved Hege Merethe Herland og Frode Linna.

Revisor for Helse Vest RHF, BDO, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møtte ved statsautorisert revisor Stein Erik Sæther.

---

## **Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Helseminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Helseministeren spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Einar Strømsvåg og helseminister Bent Høie vart valde til å godkjenne protokollen.

## **Sak 2 Dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Dagsorden er godkjent.*

## **Sak 3 Årleg melding 2017, jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15**

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga om pålegg og vedtak som er gitt i føretaksmøtet eller sett som vilkår knytt til løyvinga, er oppfylte (jf. § 34 i lova om helseforetak). Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2017.

Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding for 2017. Føretaksmøtet viste til årleg melding frå Helse Vest RHF av 11. mars 2018 og supplerande informasjon av 9. april 2018.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt sørge for-ansvaret. Føretaksmøtet merka seg styret sin konklusjon om at styringskrav gitt i oppdragsdokument og føretaksmøte for 2017 er ivaretekne og at sørge for-ansvaret som Helse Vest RHF er pålagt gjennom lovverket samla sett, er oppfylt for 2017.

I oppdragsdokumentet for 2017 er det sett som mål at gjennomsnittleg ventetid i spesialisthelsetenesta skal vere under 60 dagar og bli redusert samanlikna med 2016. Samla for alle tenesteområda var ventetida i Helse Vest 61 dagar i 2017, ein reduksjon på ein dag frå 2016. Det betyr at målet om å redusere gjennomsnittleg ventetid samanlikna med 2016 er nådd, men målet om gjennomsnittleg ventetid under 60 dagar ikkje er nådd. Føretaksmøtet føresette at Helse Vest innrettar drifta slik at målet for ventetid for 2018 vert nådd. Føretaksmøtet merka seg at prosentdelen fristbrot i Helse Vest var 2,9 pst. i 2017. Tilsvarende tal i 2016 var 1,5 pst. Føretaksmøtet føresette at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at målet om null fristbrot vert nådd.

Det vart innført pakkeforløp for kreft i 2015. Målet om at prosentdelen av nye pasientar som inngår i eit pakkeforløp skal vere på minst 70 pst. er nådd i 2017 med 82,2 pst. for heile regionen. Målet om minst 70 pst. gjennomførte pakkeforløp innan maksimal anbefalt forløpstid er og nådd med 75 pst. i andre tertial 2017. Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om å følgje opp resultatata og bruke desse i arbeidet sitt for å nå målet også i 2018, jf. oppdragsdokumentet for 2018.

Prioriteringsmålet om at veksten innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) skal vere høgare enn for somatikk på regionnivå vart vidareført i 2017. Distriktpsikiatriske sentre og psykisk helsevern for barn og unge skal prioriterast innan psykisk helsevern. Veksten blir målt i gjennomsnittleg ventetid, kostnader (kostnader til avskrivningar, legemiddel og pensjon vert gjort synlege, men haldne utanfor), årsverk (helseforetak og "private institusjonar med oppdragsdokument") og aktivitet (polikliniske konsultasjonar). Føretaksmøtet viste til at det var høgare vekst i kostnader innan psykisk helsevern for unge og for TSB enn for somatikk, medan kostnadsveksten innan psykisk helsevern for vaksne var lågare enn for somatikk. Målet om prosentvis større reduksjon i ventetider innan psykisk helsevern og TSB enn i somatikken er nådd innan TSB og psykisk helsevern for barn og unge, men ikkje innan psykisk helsevern for vaksne. Målet knytt til fleire årsverk er innfridd for psykisk helsevern for barn og unge, men ikkje for psykisk helsevern for vaksne og for TSB. Etersom ISF-finansieringa for polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern og TSB vart innført i 2017, er det ikkje data som gjer det mogleg å samanlikne data for 2016. Føretaksmøtet viste til at prioriteringsmålet har ført til ei dreining i sjukehusa si merksemd og aktivitet mot psykisk helsevern og TSB, men at det framleis er rom for betring. Føretaksmøtet la til grunn at målet vert nådd i 2018.

Å ligge på korridor er ein uverdig situasjon for pasienten og eit hinder for god kvalitet i behandlinga. I 2017 var delen korridorpatientar 2 pst. i Helse Vest. Føretaksmøtet viste til at det ikkje skal vere korridorpatientar.

Bruken av breispektra antibiotika i spesialisthelsetenesta skal reduserast med 30 pst. i perioden 2012 til 2020. Helse Vest har så langt redusert bruken med ca. 25 pst. Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF fortsette det gode arbeidet.

#### **Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet tek årleg melding 2017 med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.*

### **Sak 4 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2017, jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7**

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2017 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2017. Statsautorisert revisor Stein Erik Sæther gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2017.

I føretaksmøtet 10. januar 2017 vart det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2017:

---

*Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka:*

- *skal drive si verksemd innanfor gjeldande driftskredittrammer, samt innrette verksemda innanfor økonomiske rammer og krav som følgjer av Prop. 1 S (2016–2017), føretaksmøtet og oppdragsdokumentet for 2017, slik at sørgje-for-ansvaret vert oppfylt og at det vert lagt til rette for ei berekraftig utvikling over tid.*

Årsresultat for 2017 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit positivt resultat på 576,6 mill. kroner. I resultatet inngår nedskriving av egedelar med 16,3 mill. kroner, samstundes som det er resultatført netto tap ved sal av egedom på 4,3 mill. kroner. Helse Vest har investert for 1 492,8 mill. kroner i 2017 og har halde seg innanfor vedteken ramme for driftskreditt. Den samla ressursbruken til drift og investeringar er gjennomført innanfor vedtekne rammer og resultatkrav for 2017. Føretaksmøtet var nøgd med at resultatkravet som vart stilt for 2017 er oppfylt.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest står overfor store investeringsoppgåver i åra framover. Føretaksmøtet viste til at det er positivt at Helse Vest legg opp til styring og drift som sikrar nødvendig grunnlag for ei bærekraftig utvikling av tilbodet i føretaksgruppa.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2017.*

## **Sak 5 Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44**

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2017. Honorara for 2017 er eksklusiv meirverdiavgift, som følgje av innføring av nøytral meirverdiavgift for helseføretaka i 2017. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 1 785 000 ekskl. mva., utgjer honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 210 000 ekskl. mva. Dette inneber ein redusert kostnad på kr 375 000 ekskl. mva. frå 2016 som skuldast skifte av revisor.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet godkjenner ei godtgjering på kr 1 785 000 ekskl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2017, medrekna godtgjering på kr 210 000 ekskl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.*

## **Sak 6 Endring i driftskredittramma**

Føretaksmøtet viste til Prop. 85 S (2017–2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*. Her er det foreslått å auke ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 500 mill. kroner, frå 183 mill. kroner til 683 mill. kroner ved utgangen av 2018. Endringa skuldast redusert pensjonskostnad, endra anslag for lønsvekst og redusert pensjonspremie, som til saman gir eit behov for å auke ramma for driftskreditt med 500 mill. kroner samanlikna med det som tidlegare er lagt til grunn for 2018.

---

Helse Vest RHF sin del av denne justeringa utgjer 95 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2017 justert frå 35 mill. kroner til 130 mill. kroner.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Driftskredittramman for Helse Vest RHF vert auka med 95 mill. kroner, frå 35 mill. kroner til 130 mill. kroner.*

**Sak 7 Gjennomgang av avtalar med leiande tilsette**

Føretaksmøtet viste til krav i føretaksmøte 1. juni 2015 knytta til etterleving av "Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel" fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet. Vidare vart det vist til Stortinget si behandling av Dokument 8:145 S (2017–2018), jf. Innst. 272 S (2017–2018).

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka gå gjennom avtalar med leiande tilsette og sjå til at desse er i tråd med statens retningslinjer. Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka i fellesskap gå gjennom bruk av sluttavtalar, etterløn og avtalar om retrettstillingar til leiande tilsette i helseføretaka, og på grunnlag av denne gjennomgangen vurdere om ein bør etablere eit felles normativt rammeverk for bruk og innretting av slike avtalar. Føretaksmøtet ber om rapportering innan 1. desember 2018.*

**Sak 8 Etablering av kvalifiseringsprogram for ELTE-utdanna**

Føretaksmøtet viste til at Helsedirektoratet i 2016 endra godkjenningspraksis for søkjarar med masterutdanning i psykologi frå ELTE-universitetet i Ungarn. Vidare vart det vist til Stortinget si behandling av Meld. St. 16 (2016–2017), jf. Innst. 364 S (2016–2017).

Føretaksmøtet viste til at det i Prop. 85 S (2018-2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018* er foreslått å etablere eit særskilt kvalifiseringsprogram for denne gruppa. Dette vil gjelde for kandidatar som fullførte eller starta masterstudiar i psykologi ved ELTE før Helsedirektoratet endra godkjenningspraksis i 2016, og skal gjere det mogleg å kvalifisere til autorisasjon som psykolog i Noreg.

Helsedirektoratet vil ha eit overordna ansvar for at programmet vert sett i verk og gjennomført. Under gjennomføringa av programmet skal kandidatane vere under rettleiing og i eit arbeidsforhold i helseføretaka samtidig som dei gjennomfører teorikurs i regi av universiteta. I tillegg til å ta imot kandidatar som skal gjennomføre praksis, er det ein føresetnad for gjennomføring av programmet at helseføretaka tilbyr tilstrekkeleg rettleiarkapasitet. Programmet vil etter planen starte opp hausten 2018 og vil ha ei varigheit på 14 månader. Kandidatane vil bli fordelt i tre ulike puljar som vil starte med ca. eitt års mellomrom. Programmet vil vare ut 2022 til alle kandidatane som er omfatta har fått moglegheit til å gjennomføre. Med atterhald om Stortinget si godkjenning av forslaget til løyving i Prop. 85 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*, bad føretaksmøtet om at dei regionale helseføretaka medverkar i arbeidet. ESA har opna formell sak mot Noreg i denne saka, noko som kan føre til endringar på eit seinare tidspunkt.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet legg til grunn at dei regionale helseføretaka deltar i gjennomføringa av kvalifiseringsprogrammet for ELTE-utdanna, og stiller med nødvendige plassar og rettleiing.*

**Sak 9 Sivilt-militært samarbeid i samband med NATO-øvinga**

Føretaksmøtet viste til tidlegare krav om at dei regionale helseføretaka skal delta i planlegginga og gjennomføringa av NATO-øvinga Trident Juncture som vil verte gjennomført i Noreg i 2018. Noreg er ansvarleg for vertslandsstøtte, medrekna å yte nødvendige helsetenester, til NATO sine styrker så lenge dei er i Noreg. Som følgje av Noreg sine pliktar som vertskap for NATO-øvinga, bad føretaksmøtet om at tenestegjerande militært personell i NATO-øvinga Trident Juncture 2018, som ikkje er omfatta av EØS-avtalen eller tilsvarande avtalar (m.a.o. personell fra Albania, USA, Canada, Montenegro, Tyrkia og Jordan), ved behov skal få tilgang til spesialisthelsetenester utan å verte fakturert frå norske myndigheiter. For anna personell vil det vere EØS-avtala si forordning 883/2004 som gjeld.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka sørge for at tenestegjerande militært personell i NATO-øvinga Trident Juncture 2018, som ikkje er omfatta av EØS-avtalen eller tilsvarande avtalar (m.a.o. personell fra Albania, USA, Canada, Montenegro, Tyrkia og Jordan), ved behov skal få tilgang til spesialisthelsetenester utan å verte fakturert frå norske myndigheiter.*

**Sak 10 Lån og tilskott til protonsentar**

Føretaksmøtet viste til Prop. 85 S (2017–2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018* og forslag om tildeling av lån og tilskott til protonsentar på Haukeland universitetssjukehus. Med atterhald om Stortinget si godkjenning, vert Helse Vest RHF tildelt ei låneramme på 907 mill. 2018-kroner og ei tilskottsramme på 389 mill. 2018-kroner til protonsentar på Haukeland. Midla vert utbetalt i takt med framdrifta i prosjektet. For 2018 vert Helse Vest RHF tildelt 38 mill. kroner i tilskott til prosjektet.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Helse Vest RHF vert tildelt ei låneramme på 907 mill. 2018-kroner og ei tilskottsramme på 389 mill. 2018-kroner til protonsentar på Haukeland. For 2018 vert Helse Vest RHF tildelt 38 mill. kroner i tilskott til prosjektet.*

Møtet vart heva kl. 10.40.

Oslo, 13. juni 2018

Bent Høie

Einar Strømsvåg

*Protokollen er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

13. juni 2018